



VELKOMEN TIL VIGSEL I KVAM!

I denne orienteringa finn de opplysningar som vil vera viktige for dykk i førebuinga.

- **Avtale om vigsel.** Avtale om vigsel vert gjort med kyrkjekontoret. Ein får då skjemaet «Vi ønskjer kyrkjeleg vigsel i Kvam», fyller det ut og returner det snarast til kyrkjekontoret. Du finn også skjemaet på heimesida. Vigsel vert i utgangspunktet utført ved lokal prest. Men ein kan også spørje ein annan prest om denne tenesta, etter godkjenning frå soknepresten. Den einskilde prest har ikkje vigselsplikt dersom partane er av same kjønn, eller nokon av partane har vore gift før. Men alle har rett il å bli vigde i si eiga kyrkje.
- **Betaling?** Vigselen er gratis for kyrkjemedlemmer som bur i Kvam, når han er på ein av kyrkjelyden sine vigselsdagar. Dersom ingen av brurefolka har folkeregisteradresse i prostiet (Hardanger og Voss) krev Bjørgvin bispedøme ein eigenandel for vigselen. Dersom ingen av brurefolka har tilknytning til Kvam ved å ha vakse opp der eller har foreldre som bur der i dag, krev Kvam kyrkjelege fellesråd ein eigenandel.
- **Prøving av ekteskapsvilkår.** Dette vert gjort av Skatteetaten (sjå heimesida). De må syte for at prøvingsattesten kjem til kyrkjekontoret seinast ei veke før vigselen. Utan denne attesten kan vigselen ikkje finne stad.
- **Vigselsamtale.** Før vigselen har brudeparet ein samtale med vigselspresten. Her går ein gjennom vigselen og samtalar om å leve saman som ektefolk. Presten tek kontakt for avtale, men har de ikkje høyrte noko innan to veker før vigselen tek de kontakt med kyrkjekontoret.
- **Ordninga for vigsel.** Vigselen følgjer alltid kyrkja si ordning for vigsel. Denne, med rettleiing, finn du på heimesida til kyrkja: <https://kyrkja.no/nb-NO/bryllup/>. Me nyttar ordninga «Vigsel 2003.»
- **Song og musikk.** Salmane (2-3) tek de ut i samråd med prest. Inn- og utgangsmusikk vel de i samråd med organisten. Evt. andre musikk/kultur-innslag, som de syter for sjølve, vert avtala med prest/organist. Me nyttar ikkje innspela musikk (CD eller liknande) i kyrkja. De avtalar med presten om de vil nytte salmebøkene i kyrkja, eller prente eige program sjølve.
- **Pynting av kyrkja.** Evt. pynting (blomar) syter de for sjølve, etter avtale med kyrkjetenar/kyrkjevevje. Pyntinga må ikkje bryte med rommet og handlinga sin kyrkjelege karakter. Det kan ikkje kastast ris eller liknande i eller ved kyrkja.
- **Fotografering.** Det er høve til fotografering under inngang og utgang. Evt. fotografering under vigselen kan berre skje på diskret vis etter avtale med prest.
- **Frammøte.** Brudeparet møter seinast 15 min før vigselen. Vigselen tek til presis på det avtala tidspunktet.
- **Smittevern.** Smittevernregelverket vert endra så ofte at de må forhøyre dykk med kyrkjekontoret om kva som er gjeldande ved vigselen dykkar.
- **Spørsmål.** Evt. spørsmål kan rettast til kyrkjekontoret eller takast opp i vigselsamtalen.